

## Kvinnherad idrettsråd



### Arbeidsprogram 2026 – 2028

#### Framlegg til årsmøtet 09.06.2026

Årsmøtet vedtek arbeidsprogram i tråd med vedtektene. Programmet skal ha to års horisont og vert rullert årleg. Arbeidsprogrammet er saman med rådet sine lovar og budsjett styrande for idrettsrådet sin aktivitet.

Idrettsrådet er eit felles organ for all idrett i Kvinnherad som er organisert i Norges idrettsforbund gjennom Vestland idrettskrets. Idrettsrådet skal vere ein arena for samarbeid mellom laga, mellom laga og kommunale styresmakter og mellom laga og idrettskretsen. Idrettsrådet har samarbeidsavtale med Kvinnherad kommune og er rådgjevande organ i saker som vedkjem idretten i kommunen.

Kvinnherad idrettsrådet skal:

- a) styrke idretten si rolle og rammevilkår i lokalsamfunnet,
- b) foreta prioriteringar på vegne av idrettslaga,
- c) dokumentere og synleggjere idretten sitt lokale omfang og utvikle lokale idrettspolitiske handlingsprogram, og
- d) vere ein møteplass og utviklingsarena i skjeringspunktet mellom offentleg og frivillig virke.

#### Samarbeid med idrettslaga

- Heimeside og Facebooksida som viktig kontaktflate mot medlemane
- E-post og meldingar via SportsAdmin for direktesendingar til medlemane

#### Lokalidretten og kommunen

- Oppretthalda samarbeidsavtale med Kvinnherad kommune
- Årleg samarbeidsmøte med kommunen
- Samarbeide med kommunal idrettskonsulent

- Samarbeide med leing i Kvinnherad Arena
- Legge til rette for aktivitetar gjennom breideidrettsstipend
- Gi råd om prioritering av spelemidlar og kommunale investeringsmidlar til idrettsanlegg
- Besøkje regelmessig idrettslag for anleggssynfaring og møte med styrerepresentantar
- På eige initiativ ta opp saker med kommunen som er av felles interesse for idrettslaga i Kvinnherad
- Koordinere og fremje saker på vegner av medlemslaga for kommunen

### **Organisasjonsledd i NIF**

- KIR har anledning til å delta på desse arrangementa i regi av Vestland idrettskrets:
  - Idrettsrådskonferansen
  - Anleggskonferansen
  - Kretstinget

### **Anleggsutbygging**

- Delta i prosjektarbeid for nye anlegg, bl.a. Rosendal idrettshall og Nyskapande aktivetsanlegg i Husnes idrettspark
- Saman med kommunen arrangera søkekurs for medlemane til spelemiddelordninga

### **Aktivitetsutvikling**

- Fordele lokale aktivitetsmidlar (LAM) og ekstraordinære tilskott frå myndigheiter / NIF til medlemslaga
- Utvikle tildelingskriterium som stimulerer til samarbeid mellom medlemslaga om arrangement, treningstilbod og andre aktivitetar
- Tildele breideidrettsstipend for Kvinnherad
- Administrere ordninga med medaljar til Kvinnheradsmeisterskap

### **Samfunnsoppdrag**

- Synleggjere verdiar frå lokalidretten for innbyggjarar, næringsliv og politisk leing i kommunen
- Delta i prosjekt som skal motverka barnefattigdom og bidra til integrering for tilflyttarar til Kvinnherad